

STATKRAFT VIND UTVIKLING DA  
Postboks 200 Lilleaker  
0216 OSLO

Vår dato: 03.07.2020  
Vår ref.: 200710168-199  
Arkiv: 511  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Thomas Mo Willig  
22959377/tmwi@nve.no

## Statkraft Vind Utvikling DA – avslag på søknad om utsett frist for idriftsetting av Kvinesheia vindkraftverk

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknadar av 14.01.2019 og 22.11.2019 frå Statkraft Vind Utvikling DA (Statkraft) om utsett frist for idriftsetting av Kvinesheia vindkraftverk frå 31.12.2020 til 31.12.2021 og frå 31.12.2020 til 31.12.2022. Kvinesheia vindkraftverk er planlagt i Kvinesdal og Lyngdal kommune i Agder.

### Vedtak

**NVE avslår søknadane om utsett frist for idriftsetting av Kvinesheia vindkraftverk frå 31.12.2020 til høvesvis 31.12.2021 og 31.12.2022.**

### Historikk

Statkraft sendte melding til NVE om Kvinesheia vindkraftverk 13.12.2007. På grunnlag av meldinga fastsette NVE eit utgreiingsprogram 02.07.2009.

NVE tok imot konsesjonssøknaden om å bygga og drifta Kvinesheia vindkraftverk 11.05.2010. Søknaden vart sendt på høyring 02.08.2010, og Statkraft fekk konsesjon 26.04.2012.

Konsesjonsvedtaket vart påklaga, og vart oversendt til Olje- og energidepartementet (OED) 04.12.2012. OED stadfesta NVEs konsesjonsvedtak 30.04.2015.

Statkraft sendte inn miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) og detaljplan saman med søknad om utsett frist for idriftsetting for Kvinesheia vindkraftverk 22.11.2019.

### NVEs praksis for frist for idriftsetting av landbasert vindkraftverk

NVE handsamar søknadar om endringar av vilkåra i ein konsesjon med grunnlag i energiloven § 10-4 annet ledd. I forarbeida er det blant anna uttalt at endringar etter søknad frå konsesjonæren «*kan være aktuelle dersom konsesjonæren kan påvise at et tyngende vilkår ikke lenger fremmer sitt formål eller at fordelene ved et vilkår ikke lenger står i forhold til omkostninger det medfører for konsesjonæren*».

Alle vindkraftkonsesjonar har vilkår om at anlegget må vere satt i drift innan ein fastsett frist. NVE viser til at det er normal praksis at fristen for idriftsetting av eit vindkraftverk vert satt til fem år frå

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

konsesjonstidspunktet. I tråd med det politiske ynskje om å leggja til rette for landbasert vindkraft i Noreg i samband med elsertifikatorordninga, har NVE i dei fleste konsesjonar som er gitt etter 2012 satt frist for idriftsetting lik tidspunktet for avslutninga av elsertifikatorordninga. Dette var først 31.12.2020, før det seinare vart endra til 31.12.2021.

27.11.2019 sendte NVE brev til alle konsesjonærar og informerte om ny praksis ved handsaming av søknadar om utsett frist for idriftsetting av landbasert vindkraft. I brevet varsla NVE at fristar for idriftsetting normalt ikkje vil forlengast utover 31.12.2021. Brevet viser til omtale av fristar for realisering av vindkraftanlegg i Stortingsmelding 25 (2015-2016) *Kraft til endring – Energipolitikken mot 2030*. På dette grunnlag gir ikkje NVE utsett frist til idriftsetting for landbaserte vindkraftverk utover 31.12.2021, med mindre det føreligg heilt spesielle forhold.

NVE viser elles til at Stortinget fatta dette vedtaket 19.06.2020:

*Stortinget ber regjeringen innenfor gjeldende regelverk ikke gi forlenget frist for idriftsettelse utover 31.12.2021 for vindkraftverk på land som i dag har gyldig konsesjon.*

### **Statkraft sine søknadar om utsett frist for idriftsetting**

Statkraft søkte 14.01.2019 om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2021. Den 22.11.2019 søkte Statkraft om utsett frist for idriftsetting av Kvinesheia vindkraftverk frå 31.12.2020 til 31.12.2022. I anleggskonsesjonen for Kvinesheia vindkraftverk står det i vilkår nummer 1 at «*Anlegget må være fullført og satt i drift innen 31.12.2020.*».

Statkraft grunnjev søknaden om utsett frist med fleire argument. Dei meiner aukande motstand mot vindkraftutbygging aukar tidsbruken hjå konsesjonsmyndigheitene. Vidare viser Statkraft til signal frå OED om endringar i konsesjonshandsaming. Statkraft påpeiker også at selskapet Njordr har inngått avtalar med ei stor mengde grunneigarar og søkt konsesjon om å bygga og driva eit vindkraftverk i same planområde.

Den 15.05.2020 sendte Statkraft eit brev til NVE for å følgja opp søknadane av 14.01.2019 og 22.11.2019. I brevet informerer Statkraft at viss fristutsetting til 31.12.2022 ikkje blir innvilga, ber dei subsidiært om å få utsett frist for idriftsetting til 31.12.2021.

### **NVEs vurdering**

NVE vurderer i det følgjande begge søknadene om utsett frist for idriftsetting for Kvinesheia vindkraftverk. I vår handsaming legg me vekt på vårt brev av 27.11.2019, jf. Stortingsmelding 25 (2015-2016).

#### *Søknaden om utsett frist for idriftsetting til 31.12.2022*

Det er etter NVEs vurdering ikkje lagt fram argument i søknaden av 22.11.2019 eller brevet av 15.05.2020 som tilseier at vi vil fråvika vår praksis med omsyn til fristutvidingar utover 31.12.2021, jf. vårt brev av 27.11.2019.

#### *Søknaden om utsett frist for idriftsetting til 31.12.2021*

NVE konstaterer at Kvinesheia vindkraftverk har hatt endeleg anleggskonsesjon i fem år. Tiltaket fekk endeleg konsesjonen 30.04.2015, og fristen for å idriftsetting vindkraftverket innan 31.12.2020 er etter vår vurdering tilstrekkeleg tid til å gjennomføra prosjektet.

NVE meiner det ikkje er sannsynleg at Kvinesheia vindkraftverk kan realiserast innan 31.12.2021. MTA og detaljplan for Kvinesheia er ikkje tatt til handsaming av NVE. Vidare må Statkraft søka om

dispensasjon frå kommuneplanens arealdel. I framtidsplanen til Kvinesheia vindkraftverk er det lagt opp til ferdigstilling hausten 2022. Samtidig skriv Statkraft at dersom prosessane med løyver tek lenger tid enn forutsett, må dei på eit seinare tidspunkt be om ytterlegare eit års frist om utsetting utover 31.12.2022.

Statkraft vil kunne ha ein interesse av å få utsett frist for idriftsetting til 31.12.2021 for å kunne unngå at konkurrerande søknader i same område blir handsama av NVE i perioden. NVE meiner konsesjonærens interesse av ein forlenging ikkje kan vera avgjerande for at fristen blir forlenga i dette tilfellet.

### **Andre relevante forhold**

Etter at Stortinget har handsama Stortingsmelding 28 (2019-2020) *Vindkraft på Land*, om konsesjonsprosessen for vindkraftsakar, kan Kvinesheia vindkraftverk vurderast på nytt av NVE dersom saken vert fremma i tråd med nye konsesjonsprossar.

Dei fleste vindkraftkonsesjonar har vilkår om at konsesjonen fell bort dersom fristen for idriftsetting går ut. Dette gjelder ikkje konsesjonen for Kvinesheia vindkraftverk. NVE vil vurdere behovet for å gjere om vilkåret. Konsesjonæren vil på vanleg måte få førehandsvarsel før eit eventuelt vedtak om omgjerding.

### **Klagerett og orientering**

Dette vedtaket kan påklagast, sjå informasjon om rett til å klaga på vedlagt klageark. Statkraft skal orientera aktuelle grunneigarar og andre rettshavarar om vedtaket, og informera dei om retten til å påklaga vedtaket. NVE skal ha kopi av Statkrafts orientering av grunneigarane/rettshavarane.

Med helsing

Rune Flatby  
direktør

Arne Olsen  
Seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg: Klageark

Kopi til:

AGDER FYLKESKOMMUNE  
FYLKESMANNEN I AGDER  
KVINESDAL KOMMUNE  
Lyngdal kommune  
STATKRAFT AS v/Knut Mollestad

## Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kor skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a> . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none"><li>- Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.</li><li>- Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekka vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

*Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*